

Med Arne Terje tilbake på M/S Sunnhordland.

15.02.2017



Arne Terje Haugland beundrar båten han mønstra på første gang som 17 åring.

MS Sunnhordland kom onsdag til Sunde 43 år etter at den slutta å gå i rute der. Mange kvinnheringar viste interesse for besøket, og tok turen ombord. Uskedalen.no tok turen saman med Arne Terje Haugland som arbeidde to periodar ombord i MS Sunnhordland på 60-talet då han var i slutten av tenåra.



Arne Terje i styrehuset saman med tidlegare styrmann Søren Fjelland.

Arne Terje Haugland mønstra på MS Sunnhordland første gangen i 1960 som jungmann, og han var då ombord i ca.1 år før han reiste i utanriksfart.. I slutten av 1962 var han tilbake på båten som matros, men då var det for ein kortare periode. Andre uskedelingar som har jobba på MS Sunnhordland er Sivert Raudstein, Olav Myklebust(Sanden), Sigvald Hauge og Kåre Hauge.

Arne Terje kunne fortelja at då han var ombord, hadde MS Sunnhordland eit mannskap på nokre og tjue. Dei hadde m.a. eigen postmann. Los hadde dei og. Solheim frå Mauranger som var los ombord, var siste losen i HSD. Då Arne Terje kom ombord i dag, var det tydeleg at minne frå tida som mannskap der dukka opp. Han hugsa i detalj korleis det hadde vore. Mykje var slik det hadde vore, men mykje hadde også vorte endra. Med imponerande husk kunne han og fortelja om hendingar frå tida.

Ombord trefte han mange andre som hadde eit forhold til båten; - nokre av dei hadde også fartstid ombord. Ein av dei var politikarveteranen Søren Fjelland som var styrmann på MS Sunnhordland i 3 år, frå 1968 til 1971. Ein annan var Oddvar Haugsbakk frå Dimmelsvik, men opphaveleg frå Austevoll. For Haugsbakk vart tida på MS Sunnhordland kort. Han mønstra på som messegut tidleg på 1960-talet, men fekk lungebetennelse og dermed vart han send heim etter 14 dagar. Saman med andre hadde desse tre tidlegare sjømennene ei særskild god mimrestund, og det kom fram mykje god lokal sjøfartshistorie.

MS Sunnhordland vert no liggjande ved gamlekaia på Sunde til fredag. Frå kl.16 er bar og servering også open, og det vert servert varm velsmakande buffè. Det er ope til kl.23 begge kveldane. For omvisning er det ope heile dagane, og omvisningsbillett kostar 100 kr.



Arne Terje saman med Oddvar Haugsbakk ved inngangen til byssa der sistnemnde jobba ein kort periode.



Mykje god mimring. Søren Fjelland(f.v.), Magne Skorpen og Arne Terje Haugland.



- Denne lugaren liknar på den eg hadde, kunne Arne Terje fortelja.



Han kunne også fortelja at denne salongen var ganske lik som for vel 50 år sidan.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.